

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- 1.Vestland fylkeskommune er positiv til forslaget om å etablere ei ordning for havbruk til havs. Ordninga slik den framstår i høyringa vil kunne legge til rette for dette.
- 2.Havbruk til havs må innrettast på ein berekraftig og miljømessig forsvarleg måte med stor vekt på omsyn til fiskevelferd. Vestland fylkeskommune meiner at metodikken for identifisering og utveljing av område for havbruk til havs vil kunne bidra til dette.
- 3.Vestland fylkeskommune meiner at yttergrensene for produksjonsområda må justerast for å hindre utveksling av lusesmitte mellom dei to reguleringssystema havbruk til havs og produksjonsområdesystemet.
- 4.Vestland fylkeskommune meiner det er særskild viktig at det vert etablert eit system for å sikre regionale ringverknader av havbruk til havs, og meiner at dette må inkludrast i ein konsekvensvurderingsprosess, samt at fylkeskommunane får ei forskriftsfesta rolle i tildelingsprosessen.
- 5.Vestland fylkeskommune peikar på at marine næringsparkar kan vere ein god måte å dempe konflikter mellom næringsaktørar som vil bruke same havareal, samt betre samarbeid og samhandling mellom ulike interesser til havs.